



# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 4

Juni 1977

31. årg.

### *Nattverdsalme*

*Du ber oss til ditt alterbord  
Vi kommer Herre på ditt ord  
Og kneler ned med takk og bønn  
For deg Du levende Guds Sønn.*

*Med kraft og nåde trer du fram,  
Du triumferende Guds Lam!  
Din seier over synd og død  
Blir oss til del i livets brød.*

*Her for ditt ansikt vil vi be:  
Kom, La din gode vilje skje!  
Gi oss en ny og stødig ånd,  
Et åpent sinn, en hjelpsom hånd.*

*La kraften av ditt sakrament  
Slå ild som Du, vår Gud har tendt,  
Og gi det mot og offersinn  
Som setter alt i kampen inn.*

*Ja skap i oss det tjenersinn  
Som villig setter livet inn.  
Før fram i oss ditt gode verk,  
Og gjør din kirke ny og sterk!*

*Så bærer vi fra dette sted,  
Et svar på bønn, et bud om fred,  
Et vidnesbyrd om Korsets makt,  
Om håpets grunn: Den nye pakt!*

*Olaf Hillestad,  
Frå Salmer 73.*

## «Kyrkja ho er eit gamalt hus, stend om enn tårni mun falla»

VOSS KYRKJA 700 AR

I Hardanger og Voss Prosti, står kyrkja på Voss som eit sentralt samlande merke.

Det var i 1023 Heilag Olav kom til Voss på si kristningsferd. Etter tradisjonen, vart det då reist ein steinkross på prestegardsjordet. Den krossen står der endå. Truleg var det her ved krossen folk samlast til bøn og messe i den første tida. Eit heidensk hov har vel stade der kyrkja no står. Truleg fekk Olav rive hovet, og avtala med folket om bygging av kyrkja. Dette var truleg ei lita stavkyrkje.

I kring 1270 er arbeid i gang med å byggja ny kyrkje på Voss. I eit kongebrev av 1721, takkar Magnus Lagebøte folket for at dei byggjer den nye kyrkja i stein, og ikkje i tre. Murane er frå 1,40 til 2,25 meter tjukke. Kyrkja vart vigsla i året 1277. Dei solide murane har stade gjennom alle stormar i 700 år. Tårnet har ein eigen stil som det ikkje finst maken til i landet elles.

I slekt etter slekt, gjennom 700 år, har denne kyrkja samla folk til bøn og oppbygging. Når ein kjem inn i denne kyrkja, er det som ein kjenner banda som bind ein til slektene før oss.

Steinaltaret er like gamalt som kyrkja. Altarbiletet er måla i 1642. Det var ikkje preikestol i den tida kyrkja var katolsk, omlag 260 år. Den fine preikestolen i renesansestil er truleg komen like etter reformasjonen

i 1536. Messing-ljosekruna i skipet er frå 1614. Korportalen, rikt utskoren i barokkstil er frå 1698. På same tid vart taket måla med skyer og englar.

Oppe i koret heng dåpsengelen. Den er frå 1820. Før den tid stod døypefonten av stein ved hovudinngangen. Barnet skulle døypast med det same det kom inn i kyrkja. I 1875-76 fekk kyrkja ein turvande restaurering. Etter tidens smak på den tida var alt trevyrke overmåla, med gulmåling. Men seinare kom det ynskje om at kyrkja måtte få tilbake sin gamle stil. Dette førde til eit mykje vanskeleg arbeid som tok mange år. I hovudsaka var dette arbeidet ferdig i 1953.

I 1923 var det 900 år sidan kong Olav si kristningsferd til Voss. Ved den høgtida fekk kyrkja nytt orgel og glasmalerier.

I 1940 hagla det med bomber over Vossevangen. Mykje vart lagd i grus, men kyrkja vart spard. Det er mykje å vera Gud takksam for.

Ved 700 årsjubileet står kyrkja der, vakker, tenande, og talande om den sanning som aldri vert gamal.

*«Gjeve då Gud kvar me mun bu,  
Alltid når klokkone lokkar,  
Folket i samlynt kristen tru  
Glade i Kyrkja seg flokkar!»*

L. Bj.

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Magne O. Steinnes, 5270 Vaksdal.  
Medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.  
Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.  
Postgiro 5 72 34 73. Bankgiro 3500.50.13117  
Utgjevar: Søkneråda i Vaksdal.  
Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,  
5601 Norheimsund — tfn. 8.

## Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld

Styret for Kyrkjebladet hadde møte i Prestebustaden på Dale den 27. april.

På dette møtet vart Res. kap. Magne O. Steinnes vald til ny redaktør for Kyrkjebladet, frå og med juli 1977. Me ynskjer han hjarteleg lukke til med det arbeidet.

Kyrkjebladet kjem ut med 8 nummer i året, og vert sendt utan tinging til alle heimmar i Vaksdal Prestegjeld, og til andre utanfor Vaksdal som tingar bladet. Det vert trykt i eit opplag på omlag 3000. Kyrkjebladet finn soleis veg til alle heimmar i vårt vidstrakte prestegjeld.

Me ynskjer og vonar at kyrkjebladet må gjere sin stille gjerning mellom oss. Når du finn bladet i din postkasse, so lat det minna deg om at du høyrer til kyrkjelyden i Vaksdal Prestegjeld. Du er ikkje gløymd. Dei aller fleste av dei kyrkjebladet kjem til, har ein gong vore borne fram til dåp i ei av kyrkjone våre. Det vart tydeleg svara Ja» på spørsmålet om dei som kom med barnet ynskde at barnet skulle døypast og oppsedast i den kristne forsaking og tru. På den lov-

naden vart du døypt og førd inn med namn og nummer i kyrkjeboka. Og der står det — om du ikkje, etter eige ynskje, har bede om å verta utmeldt.

Dette å vera medlem av ein kyrkje-lyd er noko mykje meir enn å ha sitt namn i ei kyrkjebok. — Menneskelivet kan samanliknast med ei — jernbanevogn. Men med ei jernbanevogn i tre ulike forhold.

Det kan vera som ei jernbanevogn som står på skinnene. Vogna kan vera fin å sjå til, gjerne både måla og pussa. Men ho står i ro, fordi ho er ikkje tilkobla noko lokomotiv. Det er eit sværa slit å få denne vogna fram nokre meter. Og om det skulle lukkast, so stoggar ho att med ein gong. Det manglar kraft til å driva vogna fram.

Ein annan situasjon er at vogna står — avspora. Gjerne ogso knust. Det er skrikande klart at denne vogna kjem ikkje av flekken. Einaste von er at ho må tilbake på skinnene, og tilkoblast lokomotivet. Skjer ikkje det, vil ho stå der og rusta bort, utan nytte, og til skjemsle for området der ho er avspora.

Ein tredje tilstand er og mogeleg. Vogna står på skinnene, tilkobla lokomotivet. — Med løyste bremsar køyrer vogna i full fart framover med last og med folk. Ho gjer si tenesta for alle ho er skapt for å tena.

Biletet treng ingen kommentar. Det er bare spørsmål — kvar høyrer me, den einskilde av oss, heime? Står me bare i ro, utan tilkobling til kraftkjelda? — Kraftkjelda er Jesus Kris-

### Voss Samvirkeleg

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET  
Avd. 15 — 5296 EKSINGEDALEN



tus. Eller er me avspora. Kom det noko i vegen ein gong og so hoppa vi av skinnene?

Går du til kyrkja di? — Kvifor skule du det?

Fordi tilkobling til kraftkjelda Jesus Kristus skjer ved å høyra og ta imot den Herre Jesus Kristus!

VELKOMEN TIL KYRKJA!

Lars Bjørsvik.

## Brev til barna

: Det var to syskin, ein bror og ei syster, som var åleine heime. «Kan me ikkje finna noko godt å eta», kom det frå den eine. «I spiskommersert er det både sukker og jordbærsyltetøy, når me står på ein stol, kan me nå det». — «Ser du ikkje han Ola som står utanfor og hogg ved, han kjem til å sjå oss» — «Men me kan gå ned i kjellaren og finna epler, der er det no ingen som kan sjå oss, det er heilt mørkt». «Ja, men Gud ser os likevel» kom det frå den andre.

Dei tenkte litt på dette, og so fekk både sukkeret og epla vera i fred. Det som hjelpte dei var at dei hugsa på at Gud ser oss alltid.

Kjære barn, du og må hugsa på at Gud alltid ser deg. Gjer difor aldri noko du veit du ikkje skule gjera, og som du ikkje vil at andre skal sjå.

Og ein ting til er det godt at me alltid hugsar på. Gud høyrrer alt som vert sagt. Sei deifor aldri noko som du veit ikkje er sant og godt, for Gud høyrrer alt det som vert sagt.

Når det er gudsteneste i kyrkja, so kom og ver med. Det er alltid gildt å sjå ein flokk barn i kyrkja.

*Hjarteleg helsing til alle barna frå presten.*

## Konfirmert, men. . . .

Dei 6 konfirmasjonane i Vaksdal er nå over og glad skule ein tru at dei 70 konfirmantane er for det. No kan ein sjå fram til sumar og ferie og mykje anna som høyrrer årstida til.

Men, kjære konfirmant, kor mykje du enn er ferdig med konfirmasjonstida og konfirmasjonsdagen, er ikkje Gud ferdig me ddeg. Han lova sin signing over di framtid. Det er opp til deg om du vil ta imot denne hans hjelp i livet ditt. Hjelp til å seia nei til det onde og ja til Gud.

Du skal og hugse på at kyrkjelyden ber for deg kvar sundag i kyrkjebøna: «Gjev konfirmantane våre hjarta til forsaking og tru». Kyrkjelyden ber kva innstilling du enn måtte ha. Ingen kan stansa den kristne kyrkjelyden i å be for deg. Den vil halda fram så lange du lever enten du er interessert eller ikkje. Den gjer det fordi du går ut i ei verd som lokkar og drar med alle midlar. Du vert sett inn i ein kamp mellom det gode og det onde. Vil du så ta Guds signing med i kampen? Vil du strida troens gode strid og gripa det evige livet?

*Guds signing vil hjelpa deg med dette. Kyrkjelydens bøn vil hjelpa deg med dette.*

Konfirmasjonen skule soleis vera ein konfirmasjon inn i kyrkja, — inn til dei hjelpemidla Gud har gitt oss. Ver velkomen til gudstenesta, ver velkomen til nattverdbordet, les i din Bibel og gløym ikkje bøna.

Ha elles god ferie.

M. S.

## Far — Gud

— «Men gå bort til mine brødre og si til dem at jeg går opp til min Far og eders Far, — min Gud og eders Gud».

Det er Jesus som ber Maria Magdalena å gå med denne hilsen påskemorgen. —

Og hvem var det som han kalte sine brødre? Jo, det var den flokken som flyktet i Getsemane — og som stod langt borte da Jesus ble korsfestet —

Allikevel sendte Jesus bud til dem. Han hadde seiret —, sonet all synd, — gjort opp for alt og alle. — De skule nu få del i Hans seier. De var blitt løftet opp til å ha full frimodighet ved Jesu soningsdød og oppstandelse. «Jeg går bort til min Far og eders Far, til min Gud og eders Gud».

Og så fikk de ny frimodighet, ikke ved hvad de selv var, men ved det Jesus hadde gjort for dem. I dag gjelder denne hilsen oss, min Far — eders Far, — min Gud eders Gud.

«La oss derfor trede frem med frimodighet for nådens trone, for at vi kan få miskunn og finne nåde til hjelp i rette tid —».

*Gunvor Bjørsvik*

## DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

## A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker

## Rik nok

Herren er rik nok for alle som påkaller hans navn. Dette ordet er jeg så glad i. Takk at du er så rik», sier jeg ofte i mine bønner. Var du ikke det, hvordan kunne jeg så vite at det strakk til for meg? De fleste møteplakater til samling om Guds ord, slutter med et: «Alle velkommen», og det med full rett.

Guds kjærlighet til den faldne menneskeslekt er så grenseoverskridende at bare vår egen vilje og egen begrensing kan stenge den ute.

Det er stort at Gud elsker alle, men det synes meg enda større at han tar seg av den enkelte som lar seg frelse. Derfor er Jesu innbydelsesord «kom til meg», rettet mot et bestemt behov, som han, og bare han kan tilfredsstille fullt ut.

Kom til meg alle som er trøytte, og har tungt å bære, hos meg skal de få hvile. Tenk, der er et sted vi kan få lesse av og hvile ut.

Om nogen tørster, han komme til meg å drikke. Å, den livstørsten har jeg kjent.

Den som tror på meg, av hans liv skal der strømme levende vann, som Skriften har sagt. Kor skuffende lite eg har maktet å lede denne livgivende kilde ut i verdens ørkenland.

Kom til meg, sier Jesus. På Bibelens siste blad møter der oss et flerstemmig «KOM». Og Ånden og bruden sier Kom, og den som tørster han komme, og den som vil, han ta livsens vann uforskyllt!

*Johanne B. Helle*

## Fitjarvatn-stemna

Den 19. juni vert Fitjarvatn-stemne i år. I fjor var det regn og ruskever, men 40 stykker hadde tatt seg fram likevel. For 2 år sidan var me 5 gonger så mange, men så var det fint ved også. Me får vona på noko liknande i år. Opplegget vert som tidlegare år med lek og alvor for både dei store og dei små. Me nemner her at ungdomskora frå Samnanger og Vaksdal vert med, og friluftsgudsteneste vert det med prestane frå Samnanger og Vaksdal.

Hår du ikkje vore på Fitjarvatn-stemne skal du ta heile familien med. Det er ein deilig tur i den vakraste natur. Ein kan kjøyra til Langhelle og ga over fjellet herfrå.

M. S.

## Frå kyrkiebøkene

### DØYPTE:

#### DALE:

Lars Tore Tjønneland fødd 30/12 1976, døypt 10/4 1977.

Ole Martin Rognved, fødd 21/1 1977, døypt 10/4 1977.

Kjell Egil Knutsen, fødd 22/1 1977, døypt 10/4 1977.

Trond Inge Haugland, fødd 8/1 1977, døypt 19/5 1977.

Charlotte Lange, fødd 7/1 1977, døypt 3/4 1977.

Linn Lerøy, fødd 20/3 1977, døypt 19/5 1977.

#### VAKSDAL:

Kari Jamne fødd 18/1 1977, døypt 17/4 1977.

Line Ulevik Ekse, fødd 2/2 1977, døypt 19/5 1977.

### FLATEKVAL:

Jan Frode Flatekval, fødd 12/10 1976 døypt 8/4 1977.

#### NESHEIM:

Ole Vegard Lundestad, fødd 30/1 1977, døypt 24/4 1977.

#### VIGDE:

##### DALE:

Kåre Ulveseth og Eva Meland, vigde i Dale Kyrkje 14/5 1977.

Per Arild Kulshamar, og Unni Kvamme, vigde i Dale Kyrkje 21/5 1977.

### AVLIDNE:

#### DALE:

John J. Johnsen, fødd 15/9 1913, døydd 19/4 1977, gravlagd 23/4 1977.

Mons B. Helle, fødd 15/1 1886, døydd 30/4 1977, gravlagd på Stanghelle 7/5 1977.

Guttorm Danielsen fødd 7/9 1925, døydd 29/4 1977, gravlagd 9/5 1977 på Stanghelle.

Konrad Stamnes fødd 8/9 1900, døydd 2/5 1977, gravlagd 6/5 1977.

#### STAMNES:

Martha Vedå, fødd 12/12 1886, døydd 13/4 1977, gravlagd 19/4 1977.

#### EKSINGEDALEN:

Olav Tyssen, fødd 21/2 1925, døydd 14/2 1977, gravlagd 19/2 på Flatekval.

## Prestane tar ferie

Res.kap. Steinnes har ferie frå 24. juni til 14. juli og frå 1. sept. til 7. sept. Sokneprest Bjørsvik har ferie frå 26. juli til 22. august.

Prestane vikarierar for kvarandre. (Steinnes telefon 3688, Bjørsvik 2220)

**KVAR DEN SOM KALLAR PÅ  
HERRENS NAMN, SKAL VERTA  
FRELST.**

(Ap. gj. 2:21)

## Velkomen til Kyrkja

Trieining Søndag 5. juni:

Friluftsgudsteneste i Stamnes v/ Sokneprest Bjørsvik. Sjå kunngjering elles.

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

1. søndag etter Trieining, 12. juni:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Vaksdal Kyrkje kl. 18.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

2. søndag etter Trieining, 19. juni:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.

Eidslandet Kapell kl. 17.00. Sokneprest Bjørsvik.

Friluftsgudsteneste for Vaksdal og Samnanger, ved Fitjavatnet. Prestane Steinnes, og Heggheim.

3. søndag etter Trieining, 26. juni:

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

4. søndag etter Trieining, 3. juli:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik

Vaksdal Kyrkje kl. 18.00. Sokneprest Bjørsvik.

5. søndag etter Trieining, 10. juli:

Eksingedalen kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.

Dale Kyrkje kl. 18.00. Sokneprest Bjørsvik.

6. søndag etter Trieining, 17. juli:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Soknepr. Bjørsvik.

7. søndag etter Trieining, 24. juli:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

Fellesgudsteneste for Eksingedalen og Mo, 1

Mo kyrkje. Biskop Hagesæter og sokneprest Bjørsvik.

8. søndag etter Trieining, 31. juli:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

Stamnes Kyrkje kl. 18.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

9. søndag etter Trieining, 7. august:

Eksingedalen kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

Dale Kyrkje kl. 18.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Sjå og kunngjering i lokalblada.

## Salmer 73

Den vesle tilleggs-salmeboka som er ein forløpar for den nye salmeboka me ventar skal koma, er no teke i bruk, ved sida av den vanlege salmeboka, i alle kyrkjelydane. Det er å ynskja at denne boka og finn inngang i heimane.

Boka kan kjøpast i alle bokhandlarar, og kan tingast hjå EIDE & PETERSEN, Bokhandel, Dale.

Hausvik og Faugstad <sup>1/5</sup>

Vaksdal

Telefon 3603.

Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam

Telefon Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervare,  
Strikke- jakker og gensere



**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421      Frå      Tlf

Måndag, Tysdag. Onsdag og Fredag .. 8.30    15.00  
Torsdag .. . . . 10.00    17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605

Tysdag og Fredag 8.30    15.00  
Torsdag .. . . . 10.00    17.30

STAMNES, Tlf. 3 a

Måndag    frå kl. 9.30 til kl. 14.30

**Bruvik Sparebank**

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag  
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening  
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTS  
SKOFORRETNING**

**Dalekvam**

**RADIOSPECIALEN <sup>A/S</sup>**

Tlf. 2240 DALEKVAM

**RADIO - TV**

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR  
SALMEBØKER- SANGBØKER

**EIDE & PETERSEN <sup>A/S</sup>**

Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. SEIM**

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDELSLAG**

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

**Arth. og Arne Vaksdal  
HANDEL**

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

**Vaksdal koop. Handelslag  
VAKSDAL**

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710,

**Kjøp i Dykkar eigen forretning**

5 eks.

5270 VAKSDAL

Hes.kap. Magne Olav Steinnes